

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2015-2020

Formidlingsstrategi

Tilgjengeleggjere - synleggjering - verdiskaping

Anita Haugen Lie
13.11.2014

Denne formidlingsstrategien vil gjelde for Interkommunalt arkiv i Hordaland i tidsrommet 2015 – 2020, og er eit styringsdokument som byggjer på IKAH sin overordna strategiplan og vidare våre visjonar og verdiar. Kvart år skal det lagast ein årsplan for det kommande året, som byggjer på formidlingsstrategien. Ein skal i desse planane konkretisere korleis IKAH skal jobbe med oppgåvene rundt formidling.

Innhold

Innleiing	3
Visjon og verdiar	4
Målformuleringar	4
Fokusområder	5
Heimesida og sosiale media	5
Nyskaping – elektronisk og digital samhandling	6
Utetterretta arbeid (foredrag, kurs og samarbeid)	7
Dei tilsette på Ika Hordaland	8

Innleiing

(...) å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida (§1 Lov om arkiv).

IKAH har vedteke ein overordna strategi for organisasjonen si verksemd. Visjonen i denne strategien er at IKAH skal vere ein *døropnar til historia*. Implisitt i dette ligg det at organisasjonen bør drive ein aktiv formidling.

Korleis ein definerar formidling innanfor arkivfeltet varierar i stor grad. I Stortingsmeldinga (Stort.meld.7) vert det satt eit skilje mellom formidling og tilgjengeleggjing. Her definerast formidling som *«å gi ein eigen presentasjon som formidlar innhaldet i eit materiale»*. I sin artikkel «Formidling – hva mener vi nå med det»¹ definerar Arne Skivernes formidling som; *«Alt som kan lette tilgangen til arkivmaterialet og øke interessen for det og bruken av det»*. Desse døma viser at ein kan sjå formidling på fleire måtar, det er defor viktig å sjølv definer for sin organisasjon korleis ein ønskjer å definere dette omgrepet.

Ut frå IKAH sin visjon og sine verdiar i den overordna strategien for organisasjonen er det naturleg å definere formidling i eit breitt perspektiv. Skivernes sin definisjon vil slik skildre kva vi meiner når ein snakkar om formidling. IKAH har eit ønskje om å vere eit naturleg bindeledd mellom brukarane og arkiva. Sett i lys av dette vert det viktig både å jobbe med tilgjengeleggjere, legge til rette for bruk av arkivmaterialet på ein god måte og drive med ein aktiv og utadretta formidling. Særleg det siste er viktig for å auke interessen, både for arkiva og for verksemda. Ein kan ikkje berre legge til rette for at folk skal bruke arkiva, ein må óg aktivt gå ut å fortelje at ein har desse arkiva.

I samband med dette er det viktig å vise fleire sider ved IKAH, kven vi er og kva for tenester vi kan tilby. Like viktig som faget historie er det å formidle kvifor og korleis ein skal ta vare på historien og vidare kvifor IKAH i denne samanhengen er viktig både for eiagarkommunane våre og folk flest.

I 2011 vart det gjennomført ei undersøking og revisjon av tenestene IKAH tilbyr eigarane sine². Hovedtrekka for undersøkinga var at eigaren i all hovudsak er godt nøgd med arbeidet til IKAH. I samband med denne formidlingsstrategien er det allikevel eit par ting IKAH må jobbe meir med. Det vart særleg påpeika at IKAH kunne jobbe betre med sin utadretta profil. Kommunane syntes blant anna at IKAH kunne vere vanskelege å kommunisere med og få tak i. Dei peika også på at IKAH med fordel kunne ha ein tydlegare profil på tenestene som vi produserar og ein ønska eit meir synleg IKAH, med ein intensivering av rolla som arkivfagleg pådrivar. Ei gruppe vi veit lite om og som det bør fokuserast meir på er publikum. Vi har arkiv frå 32 kommunar og det er eit viktig samfunnsansvar å både tilgjengeleggjere dette for publikum og også presentere til publikum kva vi har. Det er defor viktig at IKAH tek ein del

¹ https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00014/Formidling_-_hva_men_14436a.pdf

² Brukarundersøking «Ta vare på historia. Om korleis IKAH sitt arbeid vert oppfatta av kommunen» 2011

val på kva for områder vi ønskjer å fokusere på slik at flest mogleg skal få bruke og ha glede av arkiva.

Visjon og verdiar

IKAH sin visjon er *å vere ein dørøpnar til historia*.

IKAH sine verdiar er å vere sørvisinnstilet, trygg, kunnskapsrik og framtidsretta.

Målformuleringar

Formidlingsstrategien si hovudmålsetting er å skape ei retning og eit større fokus på formidlinga ved IKAH. Hovudmålet vert difor å omdanne visjonen til verkelegheit. For å vere ein dørøpnar til historia må IKAH jobbe mot tiltak som gjer oss til ein synleg og tydeleg aktør innanfor arkivfaget. Målet er å danne ei formidling som skapar dialog, er innovativ og held god kvalitet over fleire år.

Det er gjort mykje godt arbeid på IKAH, men ein har tidlegare fokusert på tilgjenglegjering av arkiva, ved å jobbe med ordning, depottjenester, arkivdanning og rettleiing. Sjølv om ein skal forsette å jobbe med denne type formidling må IKAH òg prioritere å sette eit større fokus på tiltak som kan gjere tilgangen til kommunearkiva enklare og ikkje minst auke interessa for desse arkiv hjå forskjellige typar brukargrupper. I denne samanhengen er det å tilgjengleggjere arkiva våre sjølvsagt viktig, men ein må vidare finne tiltak som stimulere publikum til å få kunnskap om og bruke arkiva aktivt. For å nå ut til publikum må vi fokusere på at arkiv som verdiskaparar.

Ut frå dette perspektivet er det viktig å ha som eit overordna mål å vere meir synlege og tydelege i vår formidling og det er viktig å aktivt jobbe med dette. IKAH må finne praktiske tiltak som dannar rom for aktiv formidling. I samheng med dette må ein sjå nærmare på kompetanseheving av tilsette i ulike verkty som forenkler formidlinga og skapar gode løysningar for brukarane. Dette kan til dømes vere digital kommunikasjon, sosiale media, digitalisering etc. Ein må her poengtere at IKAH er ein liten organisasjon og at vi derfor må nytte formidlingstiltak som ikkje er alt for ressurskrevande. Ei anna utfordring er å finne rom og tid til kreativ formidling i ein hektisk kvardag, med mykje ekspedisjonar og reising.

Ut frå desse formuleringane vil IKAH fram mot 2020 fokusere på 4 områder;

- Heimesida og sosiale media
- Nyskaping
- Utetterretta arbeid
- Kompetanseheving

Fokusområder

Heimesida og sosiale media

Skal ein i dag drive aktiv og utovervend formidling, må ein stilla seg til «den digitale ålmenningen». Det å ha ei god og brukarvenleg heimeside er særleg viktig for å danne ein tydeleg profil i det offentlege rom. Brukarane må enkelt finne den informasjonen dei treng. Heimesida representerer organisasjonen i det offentlege rom og ei god heimeside genererer god og tydeleg kommunikasjon med brukarane.

For å vere meir synleg som organisasjon må ein vere med på og delta på dei plattformane der dei ein ønskjer å nå ut til faktisk er. Folk flest er i dag på sosiale media, organisasjonen bør difor ta i bruk desse kanalane. Potensialet for å nå ut til nye brukargrupper og gjere seg synleg er stort når det gjeld sosiale media (som Facebook, twitter, flickr, wiki etc.). Når ein jobber med sosiale media er det viktig å ha gode rutinar og strategiar for korleis ein ønskjer å bruke desse kanalane. Noko som genererer ein tydeleg profil og god kvalitet på det ein ønskjer å formidle.

I 2014 fekk IKAH eit løft på dette området, vi vart aktive på fleire sosiale media og på hausten i 2014 fekk vi ei ny heimeside og blogg. Dette var eit forsøk på å betre kommunikasjonen både med eigarkommunane og publikum. Desse tiltaket har vi fått mange gode tilbakemeldingar på. IKAH er no aktive både på Facebook, Flickr og Twitter. Ein bør óg vurdere å ta i bruk andre sosiale media som til dømes Wikipedia eller You Tube. Kva slags sosiale media ein deltek på bør vurderast ved jamne mellomrom, det er i dag ei rask utvilking på dette området og det som er populært i dag er kanskje ikkje det i morgon. I tillegg må ein vurdere nøye om plattformen har ein profil som passar IKAH. Det er derfor viktig å ha gode planar for korleis ein vil jobbe både med sosiale media og heimesida sett frå eit vedlikehaldsperspektiv. For å få mest mogleg ut av dei sosiale mediane og heimesida må ein vere aktiv, det er derfor viktig at IKAH prioriterar dette arbeidet og brukar både heimeside og dei sosiale media aktivt.

Formidlingstiltaka som vart gjennomført i 2014 er relativt nye og det trengs både gode rutinar for korleis ein ønskjer å jobbe med kanalane og ein kultur hjå dei tilsette om at dette skal vere eit fokusområde for IKAH. Det er viktig at alle tilsette vert inkludert og kan bidra med dette arbeidet. Dette kan til dømes skje ved ekspedisjonar, prosjekt ein jobbar med osv.

Sjølv om det er utfordringar ved bruk av desse kanalane kan gevinsten vere stor. Ei god og funksjonell heimesida og aktiv bruk av sosiale media er gode formidlingstiltak som ein bør fokusere på dei neste åra.

Konkret målsetting fram mot 2020:

- Å ha 2 omtalar om verksemda i pressen
- Utvikle einsarta «merkevarer» for IKAH, t.d. e-post signatur, framsyningar, kler, koppar osv.
- Å få minimum 4/5 poeng i brukarundersøkingar
- Å ha publisert minst 200 artiklar på heimesida og sosiale media
- Å ha 500 likes på Facebook
- Å ha 100 følgjarar på Twitter
- Å skrive 30 wikipedia – artiklar

- Å lage rettleiingar og rutinar for bruk av heimesida og sosial media
- Å kvart år lage ein årsplan for konkret bruk av desse platforman

Nyskaping – elektronisk og digital samhandling

Elektronisk og digital samhandling er noko ein som offentleg arkivverksemd må forholde seg til. I IKAH sin overordna strategi er dette eit av hovedområda ein ønskjer å fokusere på. IKAH vil legge til rette for digital tilgang til arkivmaterialet, både ut mot eigarkommunane og publikum.

Eit viktig mål med formidling er å auke bruken av arkiva våre, ved å lette tilgangen til arkiva og slik skape ein lågare terskel for bruk av desse. I dag opererer IKAH med «scan on demand», vi digitaliserer arkivmateriale etter kvart som publikum eller kommunane tingar innsyn. Dette gjer at alle, både publikum og kommunane, i utgangspunktet har lik tilgang til arkivmateriala noko som er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp.

Det skanna arkivmaterialet vert pr i dag lagra i WebSak, noko som gjer det enkelt for dei tilsette å finne arkivmaterialet att. Dette er det i dag gode rutinar på. I framtida bør ein sjå nærmare på og finne løysningar for å tilgjengeleggjere, både gamalt og nytt digitalisert arkivmateriale, for eigarkommunane og publikum, til dømes ved innsynsløysningar eller opne databaser. Her er det viktig å peike på at IKAH ikkje har ressursar til å utvikle eigne program eller løysningar, vi er avhengig å bruke løysningar som allereie er utvikla. Dette gjer at IKAH må følgje med på, søtte og delta i prosjekter som støttar våre visjonar. Dette kan til dømes skje gjennom samarbeid innad i arkivmiljøet, men via eigarkommunane våre. Dette forutsetter ein kompetanseheving av dei tilsette, slik at ein kan jobbe aktivt mot og med slike samarbeid.

I 2015 skal IKAH ta i bruk ASTA. Samstundes vil det vere naturleg å sjå nærmare på bruk av digitale publiseringsløysningar som «Arkivportalen», som er ein digital og nasjonal arkivkatalog for arkivinstisusjonar i Noreg. Sjølv om det er mange utfordringar ved å ta i bruk slike digitale løysningar vil det allikevel skape ein unik tilgjengeleggjering av arkivmaterialet.

IKAH bør òg sjå nærmare på moglegheitene for å gjennomføre mindre digitaliseringsprosjekt, som til dømes møtebøker etc.

Frå 2014 vart alle offentlege verksemdar oppmoda til å bruke digital kommunikasjon. Eit problem hjå IKAH er at vi ikkje har sikker digital kommunikasjon. I dag vert klausulerte arkivsaker sendt rekomandert via posten. I framtida må IKAH jobbe mot å få på plass ein sikker digital løysning, til dømes via Digipost eller SvarUt. Dette vil forenkle sakshandsamar jobben både for oss og for eigarkommunane. I tillegg sikrar det viktig dokumentasjon for framtida ved digitalisering av brukarmapper.

Mål:

- Å vere ei føregangsbedrift på elektronisk og digital samhandling
- Å jobbe mot ei effektivisering av rutinene ved ekspedisjonar
- Finne ein digital publiseringsløysning, t.d i samband med nettutstilling
- Å ta i bruk ASTA og Arkivportalen

- Å gjennomføre eit mindre digitaliseringsprosjekt
- Å få på plass ein sikker digital kommunikasjon
- Å vere med på 2 samarbeidsprosjekt, innanfor e-arkivforvaltning

Utetterretta arbeid (foredrag, kurs og samarbeid)

Dette området må IKAH sette inn eit intensivt fokus på. Samfunnet omstrukturerar seg stadig, og særleg aktuelt er kommunesamanslåingane. Det vert såleis viktig at IKAH viser seg som ein sterk arkivfagleg aktør, som kan tilby kunnskap og gode tenester både til eigarkommunane og andre brukergrupper.

IKAH fekk i brukarundersøkinga kritikk for å ha ein dårleg profil på tenestene vi tilbyr. I tillegg meinte eigarkommunane at IKAH måtte intensivere rolla som arkivfagleg pådrivar. Eit viktig fokusområde vil derfor vere vidareutvikling av kurs- og arrangementverksemd. Ein høg kvalitet på dette området vil vise IKAH frå ei profesjonell og kunnskapsrik side, godt forankra i det arkivfaglege. IKAH har allereie ein lang tradisjon med gode kursverksemd, det er derimot viktig å vere innovative og vidareutvikle denne tenesta. Ein bør jamnleg har brukarundersøkingar på tenestene ein tilbyr. Dette vil skape ein fleksibilitet i tenestene og gje IKAH eit godt og solid omdømme som arkivfagleg instans.

IKAH skal vere ein aktiv arkivorganisasjon og søke mot moglege samarbeidspartnarar særleg i samband med formidlingsprosjekt, som til dømes ved jubiler, arkivdagen etc. Ein bør jobbe aktivt for å halde/ oppretthalde kontakt både med andre kulturorganisasjonar og eigarkommunane, slik at det vert skapt eit variert nettverk med godt klima for samarbeid. Dette kan kome IKAH til gode både i forhold til ressursbruk på arrangementa og få ny fagleg innputt i kvardagen. Dette vil synleggjere IKAH på ein positiv måte, og skape viktig dialog med andre fagmiljø.

Mål:

- Å arrangere og lage til 20 arkivfaglige tiltak
- Å lage 10 brukarundersøkingar på dei arkivfaglege tiltaka
- Å i snitt oppnå 4 av 5 moglege poeng i undersøkingane
- Å ha 4 positive mediaoppslag
- Å opprette god kontakt med leiingane hjå eigarkommunane
- Å dra på minst 1 besøk pr. kommune kvart år

Dei tilsette på Ika Hordaland

Dei tilsette hjå IKAH har dei siste åra jobba mest med depot, ordning og arkivdanning. Dette er sjølvsagt viktige oppgåver for ein arkivinstitusjon, men slik samfunnet i dag er må ein jobbe aktivt med utadretta formidling. Vi må sjølv ut til publikum for å vise kva vi som arkivinstitusjon har å tilby. Alle fokusområda ovanfor jobbar mot dette målet, om å auke interessen for arkiva og IKAH. I ein slik strategi er det òg viktig å ta med mål for dei tilsette. Det er viktig at dei tilsette føler seg trygge på oppgåvene dei skal utføre, til dømes i samband med å arrangere kurs, rettleie kommunane og publikum. Det er såleis viktig å utarbeide ein brei arkivfagleg kompetanse, og slik ha som målseting om å vere blant dei beste på dei områda vi jobbar med. Det er i denne samanhengen viktig å lage gode rutinar for kva ein skal gjere, kven som skal gjere dei og korleis ein skal utføre oppgåvene.

Det er óg viktig å delta på kurs og seminar eller besøke andre arkivinstitusjonar. Dette vil auke kompetansen til dei tilsette samstundes som ein skaper viktige faglege- og sosialnettverk.

Mål:

- Å vere gode på formidling
- Å tilby kvar tilsette minst 1 arkivfagleg arrangement kvart år
- Å lage gode rutinar på verksemda si formidling
- Å utarbeide etiske kjøyrereglar for IKAH